

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
097/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Troppå gard - Bringebærfelt og parsellhage etter økologiske prinsipp på Troppå gard

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Bringebærfelt og parsellhage etter økologiske prinsipp på Troppå gard* blir ikkje tildelt midlar frå Næringsfondet.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 097/21 Vedtak:

Prosjektet *Bringebærfelt og parsellhage etter økologiske prinsipp på Troppå gard* blir ikkje tildelt midlar frå Næringsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit enkeltpersonsforetak. Registrert 20.02.2012. Bransje: 01.451 Sauehold.

Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Troppå gard driv med eggproduksjon og vidareforedling av gamalnorsk spælsau frå eigne sauer og gamalnorsk spælsau frå Nordhordlandsregionen. Omsetning i 2019 var på kr 3 350 000. Dei er også med i prosjektet smaken av Nordhordland.

Om prosjektet

Troppå gard har to forretningsidear dei ønsker å utvikle på garden:

1. Etablere eit felt med 2000 bringebærbuskar for sjølvplukk på eit areal på ca. 4 dekar.
2. Etablere ein parsellhage der personar som ikkje sjølv har moglegheit til å dyrke blomster, bær eller grønsaker skal kunne få leige ein åkerlapp. Dei ønskjer å tilrettelegge for rullestolbrukarar. Vil skape eit miljø rundt økologisk dyrking, invitere og fellesskap med inkludering og erfaringsutveksling. Vil kunne tilby: åkerlapp, felles areal med gapahuk med benkar og bord, utegrill, drivhus, toalett og parkeringsplass. Hjortegjerde. Tilby kurs innan økologisk dyrking. Facebook-side for medlemmar. Tilrettelegging for stell og sosialisering med dyr.

Prosjektleveranse/Målsetting

Forventa omsetning: Første år: Mykje arbeid med å opparbeide plantefeltet og ingen hausting eller inntekt.

Andre år: ca. kr 105.000. Tredje år: ca. kr 210 000.-

Størrelse på parsellhagen vil vere på 50 kvadrat pr parsell.

Tilrettelegge for ca. 30 stk. parsellar i første omgang, fleire etterkvart om dei lukkast. Årleg omsetning: på leige av åkerlapp: 60 000.- Dei bereknar då 30 åkerlappar med leige på kvar på kr 2000.- pr år. I tillegg kjem inntekter

ved leige av drivhusplass, kursinntekter, sal av gjødsel, aktivitetar osv.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Bringebærfelt og parsellhage etter økologiske prinsipp på Troppå gard	520 000	260 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.